
KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

Hovuddel

2025-2035




FOTO: VANYLVEN KOMMUNE

Vedteke i kommunestyret – k-sak:
[Dato]



VANYLVEN KOMMUNE

INNHALD

Innleiing	4
Mål 1: Auka deltaking og inkludering i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for alle aldersgrupper.	5
Sånn gjer vi det:	6
Mål 2: Styrke folkehelsa gjennom tilrettelegging for aktivitet	7
Sånn gjer vi det:	8
Mål 3: Utvikle og vedlikehalde idrettsanlegg og friluftsområde for framtidig bruk	9
Sånn gjer vi det:	10
Mål 4: Auka samarbeid og styrking av frivilligheita.	11
Sånn gjer vi det:	12
Sentrale utviklingspunkt:	13
Vedlegg	14

INNLEIING

Vanylven kommune skal leggje til rette for eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn der idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er lett tilgjengeleg for alle. Denne planen skisserer dei overordna måla, strategiane og tiltaka for å sikre eit variert og tilrettelagt tilbod for innbyggjarane dei neste ti åra.

Planen byggjer på Norges Idrettsforbund sin langtidsplan, som legg vekt på at alle skal ha moglegheit til å delta i idrett og fysisk aktivitet gjennom livsløpet. I tillegg er planen forankra i Vanylven kommune sin samfunnsplan 2023-2040, samt statlege, regionale og lokale føringar innan folkehelse, idrett og friluftsliv.

Struktur

Planen består av ein hovuddel og eit kunnskapsgrunnlag. **Kunnskapsgrunnlaget** gir innsikt og forståing for viktige tema innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og danner grunnlaget for vidare planlegging. Det omfattar analyser av dagens situasjon, utfordringar og moglegheiter for vidare utvikling.

I **hovuddelen** av planen blir det sett mål og strategiar basert på kunnskapsgrunnlaget, samt idrettens eigne mål og føringar. Måla og strategiane skal leggje retning for korleis kommunen ønskjer å utvikle idretts- og friluftsområdet i åra framover, og sikre eit breitt og tilgjengeleg tilbod for alle innbyggjarar.

Avgrensing

Denne planen gir føringar for bruk av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og set retning for kommunen sitt arbeid med utvikling og vedlikehald av anlegg samt tilrettelegging for aktivitetar. Planen legg vekt på samspel mellom offentlege, private og frivillige aktørar, og danner grunnlag for prioriteringar knytt til anleggsutvikling og aktivitetstilbod i kommunen. I hovudplanen er det teke utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget saman med idrettens eigne mål for å lage mål og strategiar som knytast opp mot korleis ein ønskjer å arbeide vidare innanfor området.

Formål

Formålet med denne planen er å leggje til rette for at alle innbyggjarar i Vanylven kommune har gode moglegheiter til å delta i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen skal sikre at kommunen har ein tydeleg strategi for utvikling, vedlikehald og tilrettelegging av anlegg og aktivitetar, i tråd med både nasjonale, regionale og lokale mål. Gjennom denne planen skal kommunen bidra til auka folkehelse, livskvalitet og sosial inkludering, og skape ein berekraftig infrastruktur for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i framtida.

MÅL OG STRATEGIAR

MÅL 1: AUKA DELTAKING OG INKLUDERING I IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV FOR ALLE ALDERSGRUPPER.

Eit av hovudmåla med denne planen er å sikre at fleire innbyggjarar, uavhengig av alder og føresetnader, deltek i ei eller anna form for fysisk aktivitet. Dette er viktig for både folkehelsa, sosial inkludering, og legg grunnlaget for eit meir aktivt lokalsamfunn.¹

Strategiar for å nå målet:

- **Utvikle og støtte lågterskelaktivitetar for barn, ungdom, vaksne og eldre.**

Lågterskelaktivitetar gjer det enklare for fleire å vere aktive, uavhengig av økonomi, ferdigheitsnivå og alder. Det er særleg viktig å stimulere til aktivitet utan høge kostnader.

- **Leggje til rette for eigenorganisert aktivitet gjennom etablering av nærmiljøanlegg.**

Eigenorganisert aktivitet er den forma for fysisk aktivitet flest deltek i. God tilgang på nærmiljøanlegg som ballbinger, turstiar og treningsparker kan gjere det enklare å vere aktiv i kvardagen.

- **Arbeide for godt samarbeid på tvers av kommune, frivilligheit og næringsliv.**

Eit tett samarbeid på tvers av kommunen, frivillige organisasjonar og næringsliv kan bidra til eit betre aktivitetstilbod der ein kan utnytte kompetanse, ressursar og engasjement.

- **Sikre god informasjon om tilgjengelege aktivitetstilbod i kommunen.**

Mange deltek ikkje i idrett eller fysisk aktivitet fordi dei ikkje kjenner til tilbodet. Betre informasjon og marknadsføring kan gjere at fleire finn ein aktivitet som passar for dei.

¹ Forankra i samfunnsplanen sitt mål om trivsel og livskvalitet

SÅNN GJER VI DET:

- Opne og tilgjengelege anlegg
- Tilby gratis eller rimelege aktivitetar. (t.d. frivilligsentralen og frisklivscentralen)
- Satsing på auka mangfald av aktivitetar.
- Samarbeid med idrettsråd og frivilligheita om felles innsats for inkludering, tilrettelegging og planlegging av anlegg og aktivitetstilbod.
- Synleg informasjon om aktivitetstilbod og støtteordningar. (t.d. www.ivanylven.no og www.vanylven.kommune.no)
- Utvikle og informere om BUA, gratis utlånssentral.
- Sørge for at språkbarrierar, kulturelle forskjellar og økonomi ikkje hindrar deltaking.




FOTO: VANYLVEN KOMMUNE

MÅL 2: STYRKE FOLKEHELSE GJENNOM TILRETTELEGGING FOR AKTIVITET

Aktivitet, både organisert og eigenorganisert, er ein sentral del av folkehelsearbeidet og gir fleire moglegheit til å vere aktive på eigne premissar. Ved å gjere fysisk aktivitet lett tilgjengeleg og attraktivt, kan ein førebygge livsstilssjukdomar og auke livskvaliteten i befolkninga.²

Strategiar for å nå målet:

- **Betre tilgang til turstiar, badeplassar og friluftsområde.**

Naturen gir unike moglegheiter for aktivitet og folkehelse. Tilrettelegging av turveggar, badestrender og friluftsområde gjer at fleire kan nytte seg av desse tilboda.

- **Skape sosiale møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet.**

Fysiske møteplassar som aktivitetsparkar, treningsplassar og felles møtepunkt i nærmiljøet skaper både fysisk aktivitet og sosial tilhøyrse.

- **Sikre universell utforming av friluftsområde for betre tilgjengelegheit.**

Alle skal ha moglegheit til å delta i fysisk aktivitet, uavhengig av funksjonsevne. Universell utforming av anlegg og friluftsområde er ein føresetnad for eit inkluderande samfunn.

- **Opprette nye tilbod for grupper med lågt aktivitetsnivå.**

Nokre grupper deltek mindre i idrett og fysisk aktivitet enn andre. Tilpassa tilbod for t.d. ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne kan bidra til at fleire blir aktive.

² Forankra i samfunnsplanen sitt mål om folkehelse og livsmeistring

SÅNN GJER VI DET:

- Legge til rette for lågterskelaktiviteter i nærområda.
- Utvikle universelle tilbud, aktiviteter og arrangement for ulike grupper og aldrar.
- Samarbeide med lokale organisasjonar for å auke aktivitetstilbodet og bygge fellesskap.
- Auka satsing på attraktive aktivitets- og turområde.
- Satse på sosiale fellesaktiviteter og turar.
- Vedlikehalde merking og tilrettelegging av turstiar.



FOTO: VANYLVEN KOMMUNE

MÅL 3: UTVIKLE OG VEDLIKEHALDE IDRETTSANLEGG OG FRILUFTSOMRÅDE FOR FRAMTIDIG BRUK

Gode anlegg og friluftsområde er ein føresetnad for at folk skal kunne vere aktive gjennom heile livet. Det er viktig å sikre langsiktig planlegging, vedlikehald og tilrettelegging for framtidens behov.³

Strategiar for å nå målet:

- **Kartleggje og prioritere vedlikehald og drift av eksisterande anlegg.**

Mange idrettsanlegg har behov for vedlikehald og oppgradering for å møte dagens krav og standardar. Gode anlegg krev regelmessig vedlikehald. Det er viktig å prioritere vedlikehald for å unngå forfall og sikre god kvalitet over tid.

- **Sikre areal til framtidige anlegg og friluftsområde gjennom kommunal planlegging.**

For å sikre framtidig tilgang til idrett og friluftsliv må kommunen planlegge for nye anlegg og verne friluftsområde i kommunedelplanens arealdel ut ifrå behovsanalysar.

- **Utnytte spelemidlar og andre tilskotsordningar for finansiering av anlegg.**

Det finst fleire støtteordningar for idrettsanlegg, og kommunen bør aktivt søkje og informere andre om desse for å sikre utvikling av gode anlegg i kommunen.

- **Gjennom nyskapande, samlokalisering og heilskapeleg tenking rundt anleggsplanlegging vil det bli mogleg for fleire å vere i fysisk aktivitet.**

Gjennom brukarinvolvering og rett bruk av kompetanse i anleggsplanlegging kan ein få større nytte og brukarmasse til anlegga. Nye og eksisterande anlegg bør tilpassast framtidens befolkningssamansetning og i større grad tilretteleggjast for alle aldrar. I tillegg skal kommunen leggje til rette for nyskapande og inspirerande anlegg.

- **Fokus på klima- og miljøvennlege val.**

Berekraftige bygg og anlegg gir kvalitetar som sikrar låge driftskostnader og høg bruksverdi. Anleggsbygging og inngrep i natur og kulturlandskap skal ta omsyn til klima og miljø. Gjennom bevisste val av materialar, energieffektive løysingar, nøye planlegging av inngrep i natur- og kulturlandskap og tilrettelegging for miljøvennleg transport, skal kommunen redusere sitt klimafotavtrykk.

³ Forankra i samfunnsplanen sitt mål om berekraftig utvikling

SÅNN GJER VI DET:

- Utarbeide vedlikehaldsplan og økonomiplan for idrettsanlegg med regelmessige inspeksjonar, prioriterte tiltak og førebyggjande vedlikehald.
- Sørge for at anlegga blir planlagt og bygd som sosiale møteplassar.
- Sikre relevant kompetanse i planleggingsfasen av anleggsutbygging.
- Bevisste val av materiale ved rehabilitering og oppgradering av anlegg.
- Alle nye anlegg skal følgje prinsippa for universell utforming.
- Forskoting av meirverdiavgiftskompensasjon.
- Utrekne tilskotsordningar som støttar nyskapande og energieffektive anlegg, klimavenlege bygg, ombruk og andre berekraftige tiltak.
- Skular spelar ei nøkkelrolle for å sikre tilstrekkeleg fysisk aktivitet i kvardagen til barn og unge. Bruk av skuleområdet skal vere tilrettelagt for fysisk aktivitet både i og utanfor skuletida.



FOTO: VANYLVEN KLATRE OG PADLEKLUBB

MÅL 4: AUKA SAMARBEID OG STYRKING AV FRIVILLIGHEITA.

Frivillige lag og organisasjonar spelar ei avgjerande rolle i utviklinga av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Vanylven kommune. Kommunen skal leggje til rette for eit godt samarbeid med frivillige og styrkje vilkåra for frivillig engasjement. Eit tett samarbeid mellom kommune, idrettslag, frivillige aktørar og næringsliv, er nødvendig for å sikre eit variert aktivitetstilbod og ein berekraftig drift av anlegg og møteplassar.⁴

Strategiar for å nå målet:

- **Styrkje samarbeidet mellom kommunen og frivillige.**

Frivillige er ein viktig ressurs for lokalsamfunnet, og kommunen må aktivt leggje til rette for samarbeid, dialog og samskaping av aktivitetstilbod.

- **Sikre økonomisk og administrativ støtte til frivillige lag og organisasjonar.**

Gode støtteordningar og forenkling av administrative krav kan gjere det lettare for frivillige organisasjonar å oppretthalde og vidareutvikle tilbodet sitt.

- **Leggje til rette for rekruttering og kompetanseutvikling innan frivilligheita.**

Det er viktig å støtte frivillige med kurs, opplæring og ressursar som kan bidra til kontinuitet og engasjement i lokalsamfunnet.

- **Utvikle nye møteplassar og arenaer for samarbeid.**

Kommunen kan leggje til rette for deling av lokale, utstyr og ressursar for å styrkje samarbeid mellom ulike frivillige aktørar.

⁴ Forankra i samfunnsplanen sitt mål om medverknad og samskaping

SÅNN GJER VI DET:

- Tilby og informere om økonomisk støtte og føreseielege tilskotsordningar.
- Leggje til rette for bruk av kommunale lokale, utstyr og anlegg.
- Tilby kurs, seminar og opplæring for frivillige og leiarar.
- Inkludere frivillige i utvikling av idrettspolitikken.
- Arrangere møteplass mellom kommune, næring og frivillige kor ein kan diskutere behov, utfordringar og moglegheiter.
- Markering av frivilligheitas dag.
- Sikre medverknad frå idrettslaga i politiske prosessar som omhandlar idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Skape arenaer for dialog og kulturutveksling.

Gjennom informasjonsdeling og marknadsføring sørge for at aktivitetstilbod er synlege og tilrettelagt for rekruttering.



FOTO: VANYLVEN GOLFKLUBB

SENTRALE UTVIKLINGSPUNKT:

For å realisere målsetjingane i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, peikar det seg ut fleire utviklingsområde som kan vere avgjerande. Punkta nedanfor er døme på tiltak og innsatsområde som kan bidra til å nå måla våre. Lista er ikkje uttømmende, men kan synleggjere nokre av dei områda som det vil vere lurt å fokusere på dei neste åra og som kan ha stor effekt på måloppnåinga.

- Utvikling av transportmoglegheiter til aktivitetar (t.d. samkøyring, taxi/minibuss, heim for ein 50-lapp).
- Kommunen bør utarbeide ei lokal fritidserklæring basert på FN`s barnekonvensjon og den nasjonale fritidserklæringa.
- Framtidas nærmiljøanlegg bør planleggjast som aktive møteplassar.
- Sikre brukarinvolvering og medverknad i planleggingsprosessen av nye anlegg med tanke på til dømes samlokalisering og sambruk.
- Arbeide for utvikling og vedlikehald av trygge og tilgjengelege gang- og sykkelstiar.
- Tilrettelegging for heilårsaktivitet i uteanlegg med til dømes med varmeanlegg og lyssetting.
- Kommunen bør søkje om statleg sikring av viktige friluftsområde slik at ein bevarer områder til friluftsliv og fysisk aktivitet.

VEDLEGG

1.) Kunnskapsgrunnlag – kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, Vanylven kommune




FOTO: RANDI IRENE HELGØY